

Vest Næringsråd

Innkalling - Årsmøte 2025

Dato: 18.12.2025 09:00

Sted: Digitalt

Sak 25/8/1

Opning av møte

Opning av møtet ved styreleiar Arild Bøthun, med registrering av møtande medlemmar.

Sak 25/8/2

Valg av møtefunksjonar

Val av møteleiar

Val av referent

Val av eit medlemmer til å signere årsmøteprotokollen saman med møteleiar

Forslag til vedtak

Val av møteleiar:

Val av referent:

Val av eit medlem til å signere årsmøteprotokollen saman med møteleiar:

Godkjenning av innkalling og saksliste

Årsmøtet vart annonsert i kalenderen på nettsida til Vest Næringsråd 04. desember 2025. Innkalling med sakliste vart sendt som nyheitsbrev til medlemmene same dag.

Forslag til vedtak

Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste.

Val av revisor

Vedtektene til Vest Næringsråd set fast at det er årsmøtet som vel revisor. I samband med endringar hos noverande revisor er det behov for å gjere eit vedtak om ny revisor.

Forslag til vedtak

Årsmøtet vedtar at KPMG Carve-out AS (org.nr. 835 496 252) er Vest Næringsråd sin revisor frå og med 21. november 2025. Vest Næringsråd sin eksisterande engasjementsavtale med KPMG AS (org. nr. 935 174 627) skal gjelde vidare i kundeforholdet med KPMG Carve-out AS, så langt dette passar og fram til ny engasjementsavtale vert inngått.

Vest Næringsråd gjev samtykke til at KPMG AS kan overføre alle avtalar, informasjon, dokumentasjon og kundedata til KPMG Carve-out AS, medrekna, men ikkje avgrensa til, oppdragsavtalar, korrespondanse, CEAC (Client & Engagement Acceptance and Continuance), revisjonsdokumentasjon, arbeidspapir og dokumentasjon som gjeld AML/kundekontroll etter kvitvaskingsreglane.